



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref
25/52-67

Dato
22. desember 2025

Statsbudsjett 2026 - orienteringsbrev til Siva om midlar til administrasjon og gjennomføring av regionale oppdrag

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) vil med dette brevet orientere om utbetaling av midlar til administrasjon og gjennomføring av fylkeskommunale oppdrag over kap. 553, post 61 *Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling*.

Fylkeskommunane har oppdragsgjevaransvaret for mobiliserande og kvalifiserande næringspolitiske verkemiddel forvalta av Innovasjon Noreg og Siva. Målet med verkemidla er å medverke til å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midlane i tråd med gjeldande programplanar.

Som ein del av vidareutviklinga av Siva som ein reindyrka nasjonal verkemiddelaktør for industriutvikling er forvaltninga av inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet planlagt flytta til Innovasjon Noreg 1. april 2026. Dette inkluderer ei overføring av tilsette. Etter overføringa vil alle oppdrag under post 61 forvaltast av Innovasjon Noreg. Oppdrag for løyvinga skal som før bli gitt av fylkeskommunane. Sidan overføringa først skjer til våren, vil oppdragsbrev for inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet for 2026 kome frå fylkeskommunane til Siva som tidlegare, med Innovasjon Noreg i kopi. Oppdrag og føringar følgjer programma over til Innovasjon Noreg etter overføringa.

Departementet tildeler i 2026 fylkeskommunane til saman 794 mill. kroner over kap. 553, post 61. Løyvinga inkluderer midlar til administrasjon og gjennomføring for den forvaltninga Innovasjon Noreg og Siva gjer av ordningane.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Benedikte Gyribye
Olafsen
22 24 70 58

Departementet vil overføre administrasjons- og gjennomføringskostnadene for første kvartal av 2026 direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. Denne løyvinga utgjer 4,8 mill. kroner. Talet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva. Vederlag for særskilde oppdrag i enkeltfylke(r) knytt til programma som forprosjekt, pilotprosjekt eller liknande må Siva avklare med den einssilde fylkeskommune. Etter overføringa vil administrasjons- og gjennomføringskostnadene for programma bli dekte i tråd med Innovasjon Noreg sin basiskostnadsmodell.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunen om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til føremålet skal Siva avklare med fylkeskommunen. Dersom Siva har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring for programma per 1. april 2026, blir dette overført til Innovasjon Noreg som igjen skal bruke midlane i tråd med formålet.

Siva skal i årsrapporten rapportere på dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadene, og kva tildelte midlar til administrasjon og gjennomføring er brukt til.

Kommunal- og distriktsdepartementet vil utbetale midlane til Siva på vegner av fylkeskommunane i løpet av januar. Departementet vil til orientering betale ut heile løyvinga på post 61 for 2026 til fylkeskommunane i januar, og fylkeskommunane skal følgeleg betale ut midlane for oppdraga i 2026 til Innovasjon Noreg og Siva innan 1. mars. Fylkeskommunane blir oppmoda til å gjennomføre utbetalinga så snart eige budsjettvedtak ligg føre, og har dialog med Siva om eventuelle likviditetsbehov for næringshagar og inkubatorar før utbetalingsfristen.

Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Departementet vil fram til overføringa av programma delta i dei nasjonale styringsmøta som fylkeskommunane som kollegium vil ha med Siva, og kan òg, ved behov, delta i regionale styringsmøte mellom enkeltfylke og Siva. Etter overføringa vil styringsdialogen om programma vere mellom Innovasjon Noreg og fylkeskommunane. Departementet syner til retningslinjene for posten, som er oppdaterte for 2026.

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2026. Rapporteringsskalender for 2026 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Med helsing

Kristin Marie Felde (e.f.)
ekspedisjonssjef

Benedikte Gyribye Olafsen
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg: Retningslinjer for kap. 553, post 61 over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett

Kopi

Agder fylkeskommune
Akershus fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nærings- og fiskeridepartementet
Oslo kommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Østfold fylkeskommune